



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Svein Kornerud, 5557 2027

Vår dato
18.01.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2015/11736 421.0
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Meklingar i arealplansaker og plansaker til avgjerd i departementet frå Fylkesmannen i Hordaland i 2015 og 2016

Fylkesmannen i Hordaland hadde mekling i fem arealplansaker i 2015 og fem i 2016. Alle gjaldt reguleringsplanar (r.plan i lista nedanfor). Begge åra hadde Fylkesmannen i Hordaland motsegn til fire reguleringsplanar og Hordaland fylkeskommune motsegn til ein.

Motsegna frå Fylkesmannen var i 2015 grunna med omsyn til vegtrafikkstøy, leikeareal for barn og unge, friområde og omsyn til vern av strandsona. Hordaland fylkeskommune hadde motsegn til reguleringsplan Mølleneset i Bergen kommune grunna omsynet til overordna arealplanar og samanhengen med andre reguleringsplanar i området.

Motsegna frå Fylkesmannen var i 2016 grunna med omsyn til dyrka mark i Strandebarm, friluftsliv og allmenn ferdsel i utmark samt landskap og naturinngrep i to reguleringsplanar for Kvamskogen, Tryglakleiv og Gråsteindalen, Kvam kommune, samt strandsona og samanhengen med kommuneplanen og planprosessen for Kalvanes i Austevoll. Hordaland fylkeskommune hadde motsegn til plan for utbygging i Skiparviken, Bergen, av kulturomsyn og landskapsverknad frå Trolldhaugen.

Meklingane gav desse resultatane:

Kommune:	Plan:	Motsegn frå:	Resultat:
<u>2015:</u>			
Bergen	r.plan Dolviken	Fylkesmannen	Meklinga førte fram
Bergen	r.plan Ormhaugen	Fylkesmannen	Meklinga -ikkje endeleg
Bergen	r.plan Nesvegen	Fylkesmannen	Meklinga førte fram
Bergen	r.plan Mølleneset	Hordaland fylkeskommune	Meklinga førte ikkje fram
Fitjar	r.plan Hellandsfjorden	Fylkesmannen	Meklinga førte fram
<u>2016:</u>			
Bergen	r.plan Skiparviken	Hordaland fylkeskommune	Meklinga førte fram
Kvam	r.plan Strandebarm	Fylkesmannen	Meklinga førte fram
Kvam	r.plan Tryglakleiv	Fylkesmannen	Meklinga-ikkje endeleg
Kvam	r.plan Gråsteindalen	Fylkesmannen	Meklinga-ikkje endeleg
Austevoll	r.plan Kalvanes	Fylkesmannen	Meklinga-ikkje endeleg

Fire av meklingane er ikkje endelege. Det skuldast at det er løysingar som ein må arbeide vidare med. Det vanlege i desse tilfella er at partane meklar fram skisse til løysing så langt som vi ser at vi kan komme. Då kan det vere forhold som ein må klare betre opp i, t.d. ved synfaring, eller kommunen får utarbeidd, eller kommunen utarbeider sjølv, eit revidert planforslag etter det partane har samtalt om. Det sikrar eit gjennomarbeidd og betre resultat, og det blir klarare kva løysing ein tar stilling til, både for kommunane og for staten med motsegn. Sjølv om prosessen kan ta noko meir tid, meiner Fylkes-

mannen at det har ført til både gode prosessar og betre og klarare resultat. Framgangsmåten er nytta også i nokre av dei meklingane som er oppførte med at meklinga har ført fram, men her er prosessen fullført. Vi ser det som mest sannsynleg at meklingane også vil føre fram i dei sakene som til no ikkje er fullførte.

Saker til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

2015

Fylkesmannen i Hordaland sendte i 2015 til avgjerd i Kommunal- og moderniseringsdepartementet reguleringsplan for Snekkevika/Brattholmen i Fjell kommune. Fylkesmannen hadde motsegn til nokre bustadtomter pga. omsynet til strandsona og leikeareal for barn og unge. Departementet avgjorde saka i 2015 og gav i det alt vesentlege medhald i motsegna grunna omsynet til landskap og strandsona.

2016

I 2016 sendte Fylkesmannen til avgjerd i departementet reguleringsplan for høghus på Mølleneset i Bergen kommune med motsegn frå Hordaland fylkeskommune, sjå ovanfor. Departementet gav i 2016 fullt medhald i motsegna frå fylkeskommunen.

Vi har også sendt til avgjerd i departementet kommunedelplan for E 39, parsell Heiane – Ådland, utanfor Leirvik i Stord kommune med motsegn frå Statens vegvesen og Fylkesmannen. Det har vore dialogmøte i saka, men ikkje mekling som ein såg som unødvendig. Saka er til avgjerd i departementet.

Med helsing

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Svein Kornerud
fagdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til Kommunal- og moderniseringsdepartementet